



Samarbeidsavtale, etter vertskommunemodellen, om pedagogisk psykologisk teneste for kommunane:

Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden.

1. Namn og føremål.

Namnet på tenesta skal vere Fensfjorden PPT. Føremålet med samarbeidet om pedagogisk -psykologisk teneste er å oppfylle krava i [Opplæringslova § 5-6 Pedagogisk- psykologisk teneste](#) og [Barnehagelova § 31](#).

2. Driftsansvarleg.

Austrheim kommune er vertskommune, og driv Fensfjorden PPT etter [Kommunelova § 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid](#).

3. Kjøp av tenester.

Utgiftene til PPT vert dekkja av kommunane med grunnlag i samla barnetal i skule (pr. 01.10.) og barnehage (pr. 15.12.) kvart år.

4. Administrasjon.

PPT er administrativt underlagt kommunedirektøren i Austrheim kommune. Det administrative og faglege ansvaret for dei tilsette ligg til tenesteleiar.

5. Bemanning.

Fensfjorden PPT har ei stillingsramme på 4,6 fagstillingar og 0,5 merkantil. Stillingsramma vert evaluert årleg.

Tenesta har ein leiar og ein nestleiar. Leiar og nestleiar har òg sakshandsamaransvar.

6. Kompetanse.

Tenesta skal ha spesialpedagogisk, psykologisk og sosialfagleg kompetanse og kompetanse på systemarbeid.

Tenesteleiar og nestleiar saman med fagrådet vurderer kva kompetanse kontoret til ei kvar tid treng innanfor vedtekne stillingsheimlar.

7. Administrativt fagråd for Fensfjorden PPT.

Tenesta skal ha eit administrativt fagråd samansett slik:

Tenesteleiar
Tenestestleiar
1 representant frå Austrheim kommune
1 representant frå Fedje kommune
1 representant frå Gulen kommune
1 representant frå Masfjorden kommune

Kommunane vel kvar sine medlemmer. Fagrådet vel sjølv leiar. Tenesta har sekretariatsansvar for fagrådet.

Fagrådet skal ha møte minimum to gonger i året.

Tenesteleiar har ansvar for å utarbeide handlingsplan/årsplan.

Fagrådet skal mellom anna:

- Drøfte og gje innspel til handlingsplan/årsplan og årsmelding for tenesta
- Tilrå budsjett innanfor budsjetttramma
- Drøfte PPT si rolle i heile opplæringsløpet
- Vurdere fagsamansetjinga for tenesta
- Tilrå eventuelle endringar av tenesta

8. Fordeling av årsverk og driftsutgifter

- Fordeling av løns- og driftsutgifter mellom samarbeidskommunane vert utrekna med grunnlag i samla barnetal i skule og barnehage kvart år.
- Kommunane forskotterer sin del av utgiftene kvart halvår; 1. januar og 1. juli.
- Årsrapport og budsjett/rekneskap for året før, skal sendast til samarbeidskommunane når dette er ferdig handsama. Avrekning i høve rekneskap skjer i samband med årsoppgjeret.

9. Personalreglement

Dei tilsette vert tilsett i Austrheim kommune på dei vilkår som til ei kvar tid er gjeldande ut frå lov og avtaleverk.

10. Kontorplass

Kontorplass og oppmøtestad er i utgangspunktet Austrheim, men vert avtalt for kvar enkelt tilsett og i tråd med tenesta sitt behov.

Dei andre kommunane stiller kontor/arbeidsplass tilgjengeleg når tilsette er på oppdrag i kommunane.

14. Avtalevilkår.

Avtalen gjeld frå 01.01.2022

Avtalen kan seiast opp av kvar av partane med eitt års skriftleg varsel. Før oppseiing av avtalen skal det førast tingingar mellom partane.

Avtalen skal evaluerast kvart 2. år i Fagrådet for PPT.

Sign: